



Arkivnr: 2018/17458-1

Saksbehandlar: Eirik Knive, Britt Karen Spjeld

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019

## Tilskot til statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde 2019

### Samandrag

Det viktigaste føremålet med statlege midlar til sikring av friluftslivområde, er at friluftslivet skal styrkast som ein helsefremjande, triveselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet. Sikring av område for friluftsliv i nærområde er eit viktig verkemiddel for å nå grupper som er lite aktive.

Areal i nærleiken av bustadområde som kan nåast utan bruk av bil eller båt, og som kan brukast av store folkegrupper i og ved byar og tettstader vert prioritert, til dømes allment tilgjengeleg grønstruktur i og ved byar og tettstader, landfaste område i kystsona og sentrale område ved innlandsvassdrag. Eit friluftsområde kan sikras ved erverv av eigedomsrett eller ved avtale om varig bruksrett (servittuttavtale).

I Hordaland ligg 76% av alle statlege friluftsområder utanfor tettstader, medan 79 % av alle innbyggjarane bur i byar eller tettstader. Areal i nærleiken av bustadområde som kan nåast utan bruk av bil eller båt, og som kan brukast av store folkegrupper i og ved byar og tettstader skal prioriterast for å nå dei befolkningssgruppene som er lite fysisk aktive og deltek lite innan friluftsliv.

Det er kun kommunar og interkommunale friluftsråd kan söke på denne ordninga. Hordaland fylkeskommune har ansvar for å vurdere og prioritere innkomne søknadar om tilskot til statleg sikring av friluftsområde, og sende søknadane vidare med ei tilråding til Miljødirektoratet innan 1. april. Sakene vert endeleg avgjort i Miljødirektoratet, og dei gir melding til søker om utfallet innan 1. juli. Det er inga klagerett. Utval for kultur, idrett og regional utvikling får referatsak om utfallet i løpet av hausten.

Klima- og miljødepartementet sine føringar, regional kulturplan for Hordaland (2015-25), kartlegginga og verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland frå 2008 og kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområder i kommunane etter rettleiar M98 m.m. ligg til grunn for vurderingane. Lokale friluftsområder, som primært vert nytta av brukarar frå ein kommune, kan få statleg støtte opptil 50% av kostnadane. Regionale friluftsområder, som også vert mykje brukt av tilreisande frå andre kommunar, kan få statleg støtte med opp til 100% av kostnadane. Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ein erstatning for ivaretaking av friluftsliv gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.

Fylkesrådmannen har vurdert søknadane og hatt innspeismøte der fylkesmannen og planavdelinga til fylkeskommunen deltok. Område som er lett tilgjengeleg og blir/ vil bli intensivt nytta og som bør tilretteleggjast for friluftsliv er vektlagt. Samstundes er Hordaland eit kystfylke kor mange friluftsområde langs kysten vert intensivt nytta, med og utan båt. Difor ønskjer friluftsråda i Hordaland og å sikre og legge til rette fleire områder under kategorien båtfartsområde, trass i at desse områda ikkje skal prioriterast gjennom dei nasjonale retningslinene for denne ordninga. Bergen og Omland friluftsråd har sendt ein prioriteringsliste over søknadane deira. Lista vert delvis teke omsyn til der den samsvarar med kriteria til Miljødirektoratet.

**Økonomi:** Tildelinga er statleg tilskot frå Miljødirektoratet sin post 30.

**Klima:** Tiltaka er i hovudsak knytt til innbyggjarane sine nærmiljø.

**Folkehelse:** Statleg sikring av friluftsområder bidreg til delmål 2.2 i Regional plan for folkehelse 2014 - 2025  
- fleire gode leveår for alle: Skape gode friluftsområde for alle.

**Regional planstrategi:** Ordninga er med på å realisere punkt 2.2 - Eit inkluderande samfunn. I regional kulturplan for Hordaland (2015-25) er målet for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur. Statleg sikring av friluftsområder er eit viktig og direkte tiltak mot dette målet.

<b>Generelt</b>	
Budsjett 2019: Nasjonal budsjetttramme	30 mill. kr
Søknadsfrist 2019:	15. januar
Vedtak kriteria:	Rundskriv Nr: <a href="#">T-1/18</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskots_ordningar-for-2019/id2617955/#friluftsliv">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskots_ordningar-for-2019/id2617955/#friluftsliv</a>
Tal på søknadar	5
Tal på søknadar som er tilrådd støtta	5
Samla søknadssum	7 070 000
Tilrådd til fordeling	7 070 000

#### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tilråd at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av friluftsområde i følgjande prioriterte rekkefølge:

nr	Namn på søker	Kommune	Friluftsområde	Tilrådd
1	Bergen og Omland friluftsråd	Austrheim	Øksnes	1 200 000
2	Bergen og Omland friluftsråd	Fjell	Geitvika	3 648 000
3	Bergen og Omland friluftsråd	Fusa	Vinnes	750 000
4	Bergen og Omland friluftsråd	Fusa	Baldersheim	800 000
5	Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Litle Lykelsøya	600 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.